

# **Eyra II - Nordtrad 2018**

## **Internasjonal konferanse på Ole Bull Akademiet på Voss 17.- 22.april 2018.**

### **Om Nordtrad**

Nordtrad er eit nettverk som omfattar alle høgare utdanningar i Norden og Baltikum som rettar seg mot utøvende folkemusikk. 7 land og 16 institusjonar er med i nettverket. Oversikt over institusjonane ligg vedlagt. Den årlege Nordtradkonferansa går på omgang og omfattar 5 dagar med føredrag, workshops, konsertar og nettverksbygging mellom dei ulike institusjonane. I 2017 var konferansa i Stockholm, og i 2018 er det Ole Bull Akademiet på Voss sin tur til å vera vertskap for kring 120 deltakarar.

### **Om Ole Bull Akademiet**

Sidan 1976 har Ole Bull Akademiet ein unik posisjon som kurs- og kompetansesenter spesialisert på norsk folkemusikk og -dans. Ole Bull Akademiet har ei omfattande kursverksemd, og frå 1996 også eit eige utøvarstudium i samarbeid med Griegakademiet / Universitetet i Bergen. Akademiet har ein fast stab med fagleg tilsette, som er blant dei fremste folkemusikkutøvarane i landet. Ein har også eit nært samarbeid med det faglege personalet ved Griegakademiet - Institutt for musikk. I tillegg har OBA eit godt samarbeid med ulike frivillige organisasjonar og spelemannslag. Ei rekkje av våre fremste folkemusikkutøvarar er knytte til OBA som timelærarar, og står for kring halvparten av undervisninga.

### **Nordtrad på Voss i 2018**

Forrige gong Nordtrad var på Voss var i 2001. Då heitte konferansa «Eyra» som er det norrøne ordet for øyra. Når no konferansa skal tilbake til Voss så vel me å bruka Eyra-namnet på nytt med undertittelen «Immateriell kulturarv i dag»

Ole Bull Akademiet ynskjer å ha fokus på folkemusikken og folkedansen som ein viktig del av vår kulturarv. Me vil syna fram kulturarva i Noreg, regionalt i Hordaland og lokalt på Voss gjennom konsertar, workshops, føredrag, og opplevingar. Så langt det let seg gjere så ynskjer me å tenkje lokal kultur også gjennom det som vert servert av mat og drykk under konferansa.

Nokre dømer på korleis me ynskjer å ha fokus på kulturarva vår:

- Opningskonserten: Her vert det innslag frå lokale utøvarar, Voss Spelemannslag, toradarskulen i Voss Ungdomslag, Ole Bull studentar og eit kurs i å dansa springar for alle deltakarane
- Kultur-tur på Voss. Me kjem til å dela deltakarane opp i grupper og alle skal innom Finnesloftet, Mølstertunet og Sævelid (bustaden til Sigbjørn Bernhoft Osa) for små solokonsertar med våre beste utøvarar og servering av lokal drykk og mat.
- Gjennom føredrag og workshops

Saman med vår immaterielle kulturarv så legg me inn ein bolk med våre nye landsmenn si kulturarv og korleis ein kan intergrera på ein god måte. Me har difor invitert Ole Hamre til å halda workshop. Han er primus motor for "Fargespill".

Nordtrad kan ofte verta eit lukka arrangement for deltakarane og ingen andre. Me ynskjer å ha ein offentleg avslutningskonsert med deltakarane på konferansa som utøvarar, og me vil sjå på moglegeheitene for korleis ellers konferansa kan visa att i Vossabygda.

Ole Bull Akademiet har 9,5 årsverk og ein slik konferanse på toppen av det vanlege arbeidet er litt av eit løft og krev stor arbeidsinnsats. Akademiet har også ei utfordring med at me har 3-4 fire undervisningsrom som er store nok til verkstadane under konferansa. Me lyt difor leige undervisningsrom rundt om på Voss.

Utkast til programmet for Nordtrad 2018 ligg vedlagt.

### **Samarbeidspartnarar for Nordtrad 2018**

Griegakademiet, Hardanger og Voss Museum, Voss Spelemannslag, Voss Ungdomslag, Voss Vandrarheim, Fortidsminneforeininga (i høve Finnesloftet), lokale bedrifter innan mat og drykk, Hordaland Ungdomslag og Hordaland Folkemusikklag.